



PROTOKOLL

Årsmøte, Fagforbundet Helse Førde, avd 747.

Stad: Teams (digitalt)
Tid: 26.01. kl 18:00 2022
Frammøtte: ca 25 medlemmer møtte, i tillegg møtte Ingunn Jacobsen, leiar i Yrkesseksjon Samferdsle og Teknisk i Fagforbundet Vestland (gjest frå regionsstyret) og Ørjan Myrmæl som regionssekretær i Fagforbundet Vestland

Protokoll Årsmøtet 2022

1. Opning.

Leiar, Sølvi Anne Birkeland, opna årsmøtet med å ynskje alle velkomne og gjekk gjennom kunngjering, innkalling og sakliste.

Leiar helsa også våre jubilarar, 8 medlemmer har vore 25 år i Fagforbundet og 7 medlemmer har 40 år medlemsklap i LO. Dei vil få tilsendt merke og diplom, samt eit blomstergåvekort frå Fagforbundet Helse Førde.

Kunngjeringa har vore slik:

13.12.21	brev sendt til pensjonistar og jubilarar
22.12.21	årsmøte vart kunngjort via SMS, FB og heimesida.
13.01.22	vart det sendt ut påminning til medlemmer på SMS og sakliste med innkomne saker vart lagt på heimesida.
21.01.22	påminning sendt medlemmer på e-post.

Sakliste:

1. Opning
2. Konstituering
3. Årsmeldingar
4. Handlingsplan
5. Rekneskap
6. Revisjonsmelding
7. Innkomne saker
 - Norsk Folkehjelp: kr 2000,-
 - Krisesenteret i Sogn og Fjordane: kr 2000,-
 - Fotballbane til barn i Raqqa: kr 2000,-
8. Budsjett
9. Val etter vedtektene



Vedtak: Godkjent

2. Konstituering

Framlegg frå styret på:

Møteleiar: Petter Ratvik

Referent: Randi Aven

2 til å signere protokollen: Mathias Hatlestad og Wenche Eikevik

Vedtak: Godkjent

3. Årsmelding

Leiar, Sølvi Anne Birkeland las opp årsmeldinga frå styret for 2021 (ligg ved protokollen)

Vedtak: Godkjent

4. Handlingsplan 2021

Leiar gjekk gjennom framlegg frå styret til handlingsplan 2022 (handlingsplanen ligg ved protokollen).

Vedtak: Godkjent

5. Rekneskap

Rekneskap for 2021 vart gjennomgått av kasserar Per Solheim. Fagforbundet Helse Førde har hatt god styring av økonomien. Drifta har vore spesiell også i 2021 og fleire aktivitetar har gått ut, noko som har gitt eit overskot på kr. 85 266,18 (rekneskapen ligg ved protokollen)

Vedtak: Godkjent

6. Revisjonsmelding

Kasserar Per Solheim las opp revisjonsmeldinga (ligg ved protokollen).

Vedtak: Årsmøtet tok revisjonsmeldinga til vitende.

7. Innkomne saker

Det er ingen innkomne saker. Styret har framlegg til fylgjande løyvingar:

- Norsk Folkehjelp: kr 2000,-
- Krisesenteret i Sogn og Fjordane: kr 2000,-
- Fotballbane til barna i Raqqa: kr 2000,-

**Vedtak:** Godkjent

8. Budsjett

Budsjettframlegg frå styret for 2022 vart gjennomgått av kasserar Per Solheim, og syner ein balanse på kr. 715 500 (budsjettet ligg ved protokollen)

Vedtak: Godkjent

9. Val etter vedtektene

Valkomiteen har bestått av Mariann Hundsnes, Kjell Nygård og Rita Trælnes. Valkomiteen hadde dette framlegget, og dei som er på val er med utheva skrift:

Verv	Namn	Periode	
Leiar	Sølvi Anne Birkeland	2021 – 2023	
Nestleiar	Kristian Lund Solheim	2022 – 2024	Attval
Sekretær	Randi Aven	2021 - 2023	
Kasserar	Per Solheim	2022 – 2024	Attval
Opplæringsansvarlig	André Vindedal	2021 – 2023	
Styremedlem	Petter Ratvik	2021 – 2023	
Styremedlem	Wenche Hosteland Mæland	2022 - 2024	Attval
1.vara til styret	Mathias Hatlestad	2022 – 2024	NY
2.vara til styret		2022 – 2024	
Leiar yrkesseksjon Helse og Sosial	Tove Nødseth	2022 – 2023	Attval (1 år)
Vara		2022 – 2024	
Leiar yrkesseksjon Kontor og Administrasjon	Sivert Rømo	2022 – 2024	Attval
Vara	Lene Mathea Hetle	2021 – 2023	
Leiar Yrkesseksjon Samferdsel og Teknisk	Roger Smørdal	2021 – 2023	
Vara	Wenche Eikevik	2022 – 2023	attval (1 år)
Ungdomstillitsvald	Marcus Hornnes	2021 – 2023	
Vara	Ann Kristin Husabø Frøyen	2021 – 2023	
Pensjonisttillitsvald	Kjell Nygård	2022 – 2023	1 år (ny)
Vara		2022 – 2024	
Revisor	Laila Hovlandsdal	2022 – 2024	ny
Revisor	Per Scott Olsen	2021 – 2023	
Vara		2022 – 2024	



Representantar til Fagforbundet Vestland sitt representantskap 2022:

1. Sølvi Anne Birkeland
2. Kristian Lund Solheim
3. Randi Aven

Vara:

4. Tove Nødset
5. Petter Ratvik
6. Per Solheim
7. Sivert Rømo

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg vart einstemmig vedteke.
Årsmøte gir styret fullmakt til å arbeide vidare med å få på plass 2. vara til styret, vara til Yrkesseksjon Helse og Sosial, vara pensjonisttilitsvald, vara revisor, valkomite, samt å foreta naudsynte suppleringsval i perioden.

10. Avslutning

Leiar, Sølvi Anne Birkeland, takka for frammøtet og ynskta alle lukke til med vala og arbeidet i kommande år.

Møtet slutt ca kl. 19:30

Ved protokollen:

Randi Aven

Mathias Hatlestad

Mathias Hatlestad

Wenche Eikevik

Wenche Eikevik